



**HJELMELAND
KOMMUNE**

ALKOHOLPOLITISK PLAN 2024-2028

Høringsframlegg (fsak 10/24 6.2. 2024)



Innhold

1 Innleiing og planen 2020-2024.....	2
2 Utfordringar og målsettingar	3
3 Rammer for løyvepolitikken 2024-2028	4
Generelt:	4
Salsløve:	4
Skjenkeløve:	4

1 Innleiing og planen 2020-2024

Nytt kommunestyre skal setja nye ramer for alkoholpolitikken i kommunen. I november 2023 vart det kunngjort at alkoholpolitisk plan skulle reviderast, og ein ba om innspel. Vidare gang i saka er formannskapsbehandling, høyring og sluttbehandling i formannskap og kommunestyre. Gjeldande plan 2024 vart vedteken i kommunestyret 17.6.20, sak 37/20. Alkoholpolitisk plan var då ein del av Ruspolitisk plan. Ruspolitisk plan vil bli revidert på eit seinare tidspunkt.

I dei åra som har gått sidan 2020, har ein inntrykk av at gjeldande plan i hovudsak har fungert godt. Alkoholsal og skjenking er underlagt streng lovgjeving og kontroll. Dei åra gjeldande plan har fungert, er det ikkje avdekkja vesentlege brot på sals og skjenkebestemmelsar. «Marknaden» har endra seg. Der er i dag to serveringsstader (ein i Årdal og ein på Hjelmeland) med både serverings og skjenkeløyve. Det har blitt fleire sals og skjenkestader knytt opp mot sidernæringa (fire salstader og tre skjenkestader), og eit løyve knytt opp mot forsamlingshus.

Når det gjeld dei løyva som er knytt opp til enkeltarrangement, har talet på søknadar om ambulerande løyve vore nokonlunde stabilt, medan søknader om løyve ved «enkelthøve» har blitt mangedobla.

Det har dukka opp nye variantar av søknadar. Dette gjeld td flytting av løyve i samband med folkerike arrangement, og søknad om sal av eigenprodusert øl. I 2023 vart det ein omfattande debatt knytt til søknad om skjenkeløyve på dagtid frå Ryfest.

Ut over det har planen fungert bra utan å bli utdatert. Nettsal, som var ei utfordring for fire år sidan, har ikkje vore tema dei seinare år. Slikt kan raskt snu. Me har fått nokre ubetjente kasser i daglegvarhandelen, men handtering av alkoholsal har ikkje vorte problematisert.

Ved inngongen til ny løyveperiode er der framleis seks daglegvarebutikkar i kommunen, der alle har salsløyve for alkohol. Det er to ambulerande løyve (i bruk til lukka arrangement).

Kommunen er knytt til NoRoSun skjenkekontroll, som er eit vertskapskommunesamarbeid i Nordfylket og Ryfylke, med Sauda kommune som vert. Hjelmeland er den sørlegaste kommunen i samarbeidet, som elles strekk seg heilt nord til Stord og Kvinherad.

Definisjonar:

Alkohol vert delt inn i tre klassar etter styrke:

Klasse 1: meir enn 2,5 til og med 4,7 volumprosent

Klasse 2: over 4,7 og under 22%

Klasse 3: frå og med 22%

I tillegg kjem alkoholfri drykk som er under 0,7 % og alkoholsvak drykk mellom 0,7 og 2,5%.

Det vert skilt mellom ulike typar skjenkeløyve. Ambulerande løyve kan berre gis til lukka lag. Skjenkeløyve ved enkelthøve kan gis til opne arrangement, etter høyring hjå politi og helsevesen. Ordinære løyve kan gis for inntil fire år om gongen. Slike ordinære løyve kan utvidast eller flyttast for eit enkelt høve. Skjenkeareal skal alltid vera tydeleg avgrensa.

2 Utfordringar og målsettingar

Også alkoholpolitisk plan skal avspegla kommuneplanen, der visjonen er «Hjelmeland Naturlegvis» og hovudmålet er «Jobb og attraktivitet. Leggja til rette for vekst i folketalet gjennom satsing på næringsutvikling og attraktive lokalsamfunn.» Alkohol er ei lovleg vare, men omsetnaden skal skje i kontrollerte former for at lokalsamfunnet skal fortsette å være attraktivt. I kommuneplanen for 2019-2031 er det også uttalt ei særleg satsing på reiseliv, noko som kan vera relevant å merka seg i utforming av denne planen.

Nytt sidan førre plan:

- Det største hotellet i kommunen er avvikla
- Vidareutvikling av siderproduksjon som ei viktig næring i kommunen.
- Det er fleire serveringsstader i kommunen, men berre to har skjenkeløyve
- Debatt om det skal ok å tillata skjenking på offentlege og private arrangement utan 18årsgranse
- Meir fokus på internkontroll og dokumentasjon

Stor global samfunnskrise 2020-2022 med koronavirus. Nasjonalt og i nokre kommunar vart det innført diverse mellombels forskrifter knytt til skjenking av alkohol.

Målsetting for løyvepolitikken

Gjennom løyvepolitikken skal kommunen leggja til rette for forsvarleg og ryddig omsetnad av alkohol, slik at skadeverknadane vert minst mogleg.

3 Rammer for løyvepolitikken 2024-2028

Generelt:

Brot på løyvevilkår kan medføre inndraging av løyve over kortare eller lengre tid. Løyve gis for ein kommunestyreperiode om gongen.

Det vert ikkje gitt løyve til skjenking ved enkelthøve meir enn åtte gonger i året til same skjenkestad/same arrangør. Det vert ikkje gitt skjenkeløyve ved enkelthøve til skjenking av alkohol klasse 3.

Salsløyve:

Salsløyve til alkohol klasse 1 kan i utgangspunktet berre gis til ordinære daglegvarebutikkar.

Salsløyve til alkohol klasse 1 og 2 kan likevel gis til bedrifter med eigenproduksjon etter staten sin definisjon av dette. Slike bedrifter må ha statleg produksjonsløyve.

Det vert ikkje gitt løyve knytt til nettsal av alkohol, då dette er vanskeleg å følgja opp med vanleg kontroll.

Opningstid: I vanleg opningstid for butikken, innafor det lovverket til ei kvar tid ordinært gir rom for.

Skjenkeløyve:

A Skjenketid ved ordinære og ambulerande løyve:

11.00 -01.00 for alkohol klasse 1,2 og 3. Gjeld både ute og inne. Sjå eige punkt om vilkår for uteskjenking.

Unntak:

- For bedrifter med restaurant/hotellkonsept, kan det for lukka lag tillatast skjenking av alkohol klasse 1,2 og 3 fram til kl. 01.30.
- For bedrifter med restaurant/hotellkonsept, kan det for lukka lag - etter søknad - innvilgast utvida skjenketid fram til kl. 03.00.

B Uteskjenking

- Området skal vera tydeleg avgrensa med tau, gjerde eller liknande. For sidersmaking i kombinasjon ved gardsvandring kan det tillatast prøvesmaking i frukthage i samband med guida tur.
- For bedrifter med restaurant/hotellkonsept kan det det tillatast skjenking ute fram til kl. 01.30 på avgrensa område ved hotell/restaurant. Dette omfattar alkohol klasse 1,2 og 3.

C Avgrensingar kring tildeling av skjenkeløyve

Skjenkeløyve kan gis dersom skjenkinga er ein del av eit breiare driftskonsept, slik som matsservering, omvising, produksjon eller kulturarrangement..

Ambulerande løyve og løyve ved enkelthøve skal ikkje gis til arrangement der ungdom under 18 år er viktig målgruppe.

I samband med arrangement kan ein tillate at siderprodusenter med skjenkeløyve innafor Hjelmeland kommune kan utvida sine løyve til å gjelda del av arrangementet. Kvar område skal vera tydeleg avgrensa, jfr alkoholloven prg 4-2. Viss det er ein bedrift som leverer til heile arrangementet, kan skjenkeområdet

vera tilpassa det. På arrangement der slike bedrifter er inne, kan det ikkje i tillegg gis løyve til skjenking ved enkelthøve.

Utviding av ei bedrift sitt skjenkeområde til å omfatta heile eller delar av arrangement, krev samtykke frå kommunen. Kommunen kan setja vilkår for ei slik utviding.

D Mynde ved tildeling av løyve

Rådmannen får delegert mynde til tildeling av ambulerande løyve for alkohol klasse 1,2 og 3, samt mynde for utviding av skjenketid/skjenkeareal. Rådmannen får også mynde til å tildela løyve ved enkelthøve, når desse skjer etter same mal som tidlegare år, og røynslene er gode. Døme: Faste arrangement som vert gjennomført etter same leisten fleire år på rad.

Areal og forvaltningsutvalet får mynde til å tildela ordinære løyve og løyve ved enkelthøve (fyrste gong).

E SÆRLEG VED SØKNAD OM SKJENKING VED ENKELTHØVE

Søknadagebyr for søknad om løyve ved enkelthøve vert auka til 2,5Xgebyr ved ambulerande løyve. Ft betyr det kr 1000 (400X2,5)

Maks søknadar pr søkjar pr år er 8

